



Namn på søkjarkommune: Fjell kommune

Kontaktperson: Jeanett Nesse

Namn på søkjar/prosjektansvarleg: Cecilie Krohn – Avdelingsleiar Plan

For kommunar skal søknaden underteiknast av rådmannen eller den vedkommande har delegert mynde til.

Organisasjonsnummer: 951 996 777

Adresse: Foldnesvegen 1

Postnr./stad: 5354 Straume

E-postadresse: postmottak@fjell.kommune.no

Kontonummer: 8580 14 08600

Krav til form og innhaldet i søknaden - spesifikke krav

Føremål med tilskotet for kommunen som søkjar:

Kartleggje barns noverande bruk av aktiv transport til skulen, med formål om å få fleire til å gå eller sykle til skulen samt redusere biltrafikk

Søknadsbeløp for kommunen:

400 000,-

Førebels budsjett (skal kunne sammenliknas på same nivå med regnskap dersom regnskap vert kravd):

Lønnsmidlar over 3 år: 300 000,-

Tiltak i prosjektet: 100 000,-

Grad av eigen innsats/eigen finansiering:

Ressursar frå folkehelsekoordinatorstilling (40%), areal- og samfunnsplanleggar, samt ressursar frå eigedoms- og samferdsleavdelinga, styrings- og arbeidsgruppa.

Delfinansiering/ tilskot frå andre instansar (kven og beløp):

Det kan bli aktuelt å søkje til Hordaland fylkeskommune om midlar gjennom tilskotsordninga "Tilskot til mindre fysiske trafikksikringstiltak i kommunane

Mottakar skal gjere greie for dei interne og eksterne kontrolltiltaka som skal sikre korrekt rapportering og måloppnåing (til dømes interne kontrollaktivitetar, internrevisjon, autorisert revisor/ ikkje autorisert revisor, andre offentlege tilsyn og Riksrevisjonen):

Prosjektet blir ført på eigen kostnadsstad og følgd opp internt av ansvarleg for prosjektet i samarbeid med økonomiavdelinga. Særattestasjon frå vår eksterne revisor på ferdig prosjekt kan innhentast dersom dette er ynskjeleg.

Prosjektskildring/skildring av kva tiltak det vert søkt om tilskot til (kan vere vedlegg):

I kommunen er mykje av trafikknettet frå 60-talet, med dårlege forbindelsar og lite samanhengande gang/sykkelveg. Fjell kommune har vore i stor vekst etter vegane vart bygd, med om lag 20 000 innflyttarar. Samtidig har metodar for framkomst endra seg dei siste tiåra. Det er i dagens samfunn



vanleg at familiar har fleire bilar og køyrer til og frå skule, jobb og fritidsarenaer, sjølv om dei ligg i umiddelbar nærleik. På Litlesotra arbeider 35% av innbyggjarane i same område som dei bur og 5500 reiser skjer mellom Straume og Bildøy/Foldnes/Valen/Hjelteryggen kvar dag, på tross av tettheit mellom bustader, arbeidsplassar, kollektivknutepunkt, barnehagar, skule, fritidstilbod og handel (Mobilitetsplan Bildøyna, Asplan Viak 2014).

Det vert samtidig meir og meir vanleg at barn opplev å få livsstilsplager som før høyrde til den vaksne befolkninga. Korleis folk lever liva sine har mykje å seie for livsstilssjukdommar, og det vert stadig meir viktig å vere i fysisk aktivitet. Barn som blir køyrd til skulen har dårlegare helse enn dei som sykklar og går, i form av nedsett bevegelegheit og balanse, økt risiko for ryggplagar og overvekt. Konsentrasjonsevne og stressnivå er noko som vert positivt påverka av at barna går til skulen (Statens vegvesen "Å sykle til skolen – en verktøykasse"). Dei nasjonale anbefalingane for fysisk aktivitet for barn er 1 time kvar dag, noko mange barn i dagens samfunn ikkje oppfyller.

Vi ønskjer å sette i gong eit prosjekt der vi kartlegg kva skal til for at barn og unge skal bruke aktiv transport til skulen. I Fjell kommune er sykkelandelen svært låg, heilt ned i 1% i følge Reisevaneundersøkinga frå 2013. Både skulane og idrettsanlegga melder at dei aller fleste barn og unge vert køyrd av foreldra –kvar dag, året rundt. Svært mange stader fins det ikkje fortau eller gang- og sykkelveggar (GS-veggar), og mjuke trafikantar vert tvungen til å nytta køyrebanda for å komma seg fram. I tillegg har fortau og GS-veggar tradisjonelt blitt etablert tett inntil bilvegane. Dette gjer at traseane ofte vert opplevd som uttrygge, støyande, forureina og lite attraktive, og vert difor ikkje brukt i særleg stor grad. Ofte vert distansen også lengre enn kva som er nødvendig. Vi ønskjer å ta skuleborn og lokalbefolkning i bruk, og få ein heilskapleg oversikt over korleis dei opplev og nyttar vegane i nærmiljøet. Er det farleg eller for langt å gå til næraste skule, idrettsanlegg eller butikk? Kvar kan vi knyta bustadområde/nærmiljø saman ved hjelp av anna type infrastruktur enn asfalterte veggar? Kvar kan det etablerast snarveggar gjennom skog og mark? Korleis kan kommunen leggja til rette for attraktive og spennande veggar som stimulerer barn og vaksne til meir fysisk aktivitet?


Sidan prosjektet skal bruke medverking i sterk grad, har vi ikkje fullstendig bilete av korleis prosjektet blir, og kva som blir utfallet. Det blir i stor grad opp til innbyggjarane som skal vere med å påverke utfallet. Vi er også i stor grad opne for å bruke andre metodar enn dei som er beskrivne i denne søknaden.

Organisering og prosjektorganisasjon

- *Beskrive korleis prosjektet er tenkt forankra i kommunen, rammer for prosjektorganisering og tverrsektorielt samarbeid i kommunen.*

Rammer for prosjektorganiseringa

Det vil bli oppretta ei arbeidsgruppe som vil ha ansvaret for gjennomføring av aktivitetane i prosjektet. Denne gruppa vil bestå av representantar hjå Plan-og utbyggingssjefen, Kultursjefen og Skulesjefen, i tillegg til folkehelsekoordinator som er prosjektleiari. Arbeidsgruppa vil også kunna søkja råd hjå referansegruppa. Denne gruppa vil vera representert gjennom andre avdelingar i kommunen, skule og frivillige organisasjonar som velforeningar, turlag og andre interessentar. Den administrative styringsgruppa for prosjektet vil vera Rådmannens leiarteam. Avdelingsleiari for Plan er prosjektansvarleg, og prosjektleiari vil rapportera til styringsgruppa to gonger i året og elles ved behov. Arbeidsgruppa vil ha jamlege møter.



Forankring i kommunale planar

Å auka kvardagssyklinga i Fjell, og å få barn og unge til å sykla trygt til skule og fritidsaktivitetar frå ein tidleg alder er uttalte satsingsområder for Fjell kommune. Målsetnadane er forankra i Kommuneplanen sin arealdel 2015-2026, Sykkelsestrategi for Fjell kommune 2015-2018, Kommunedelplan for trafikksikring 2013-2016 (2020), og i kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet 2011-2018.

Finansiering

Kommunen vil søkja om støtte frå Hordaland fylkeskommune til prosjektleiar, og til prosjektutgifter knytt til tilrettelegging og utvikling av gode medverknadsarenaer og -verkty. Den kommunale finansieringa av prosjektet vil hovudsakleg vera knytt til lønnskostnader for tilsette som deltek i arbeidsgruppa. Skuleleing og lærarar vil også bidra i prosjektet.

Kartleggings- og utviklingsområde

- *Kva nærmiljøkvalitetar og -faktorar som fremjar og/eller hemmar folk sin helse og trivsel i nærmiljø kan det vere aktuelt å kartlegge knytt opp mot problemstillingane?*

Faktorar og kvalitetar i nærmiljøet som kan ein trekke fram, som fremjar/hemmar helse, er natur og friluftslivområder, bruk av aktiv/passiv transport, kollektivtilbod, forureining, trygghet, naboskap, sosiale møteplassar, integrering, fritids- og kulturtilbod, oppvekstvilkår, skule, barnehagar, SFO, butikkar og shopping. For barn og unges skuleveg vil mange av desse vere med å påverke helsa i positiv eller negativ forstand. Spesielt trafikk, tryggleik og tilgang til natur langs vegane er interessant for prosjektet. Det vil vere interessant å undersøkje kva grad dei ulike kvalitetane påverkar helsa i positiv eller negativ forstand, og sjå kva som kan gjerast for å styrkje helsefremjande faktorar og svekke dei negative.

Implementering

- *Beskrive korleis kommunen vil nytte gode døme frå nærmiljø – og lokal samfunnsutviklingsarbeidet i utarbeiding av oversiktsarbeidet etter folkehelselova § 5c.*

Gode døme vil inkludrast i folkehelseoversikta på ein eigna måte, slik at det vert lett forståeleg både for andre avdelingar kommuneorganisasjonen og befolkninga. På den måten kan viktige funn og temaområder som avdekkast i prosjektet inkludrast inn i framtidige planar. Det er også ønskeleg å kunne vidareføre vellukka prosjekt til andre delar av kommunen, og til andre kommunar.



- *Beskrive korleis kommunen tenkjer å innarbeide evt. ny kunnskap over nærmiljøkvalitetar inn i "Oversikt over helsetilstanden og påverknadsfaktorar", jf. fhl §5, som grunnlag for det kommunale planarbeidet?*

Ved å kartleggje barn og unge sine skuleveggar vil vi få innsikt i eit temaområde som det foreløpig er lite kunnskap om i Fjell. Sjølv om det er mange barn og unge i kommunen veit ein lite om kor aktive dei er, og kva kommunen bør gjere for å auke den aktive transporten til skulane. Ny kunnskap vil inkluderast i folkehelseoversikta der ein også ønskjer å drøfte kvifor situasjonen har oppstått og konsekvensane av å ikkje gjere noko. Når målet er å bli betre på kunnskapsbasert planlegging og tiltak er det heilt nødvendig å dokumentere den kunnskapen ein får ut av prosjektet, difor er det positivt at både fylkeskommunen og ei utdanningsinstitusjon skal støtte kommunane i prosjektet.

Det er ønskeleg å bruke fleire metodar, hovudsakeleg kvalitative, men også kvantitative data. Ved å gjennomføre eit slikt prosjekt vil folkehelsekoordinatoren og andre involverte knytte kontaktar og skape nettverk i lokalsamfunnet, noko som vil vere svært positivt for vidare dialog, samarbeid og for innhenting av kunnskap. Etter prosjektslutt vil eventuelle rapportar publiserast på kommunens heimeside.

- *Kort seie noko om korleis kommunen vil følge opp lokale folkehelseutfordringar som kjem opp gjennom prosjektet.*

Folkehelseutfordringar som kjem opp vil takast med inn og diskuterast i arbeidsgruppa og referansegruppa. Sidan kommunen skal samarbeide med fylkeskommunen og utdanningsinstitusjon i prosjektet vil det vere naturleg å ha ein dialog med desse. Alternativt kan det vere aktuelt å sjå til andre kommunar som har gjennomført liknande prosjekt. Det vil vere eit nytt kunnskapsområde som skal utforskast for kommunen, så ein reknar med å støyte på utfordringar undervegs.

Medverknad

- *Har kommunen tankar knytt til medverknadsmetodar, prosessar og resultat frå medverknad med ulike befolknings- og aldersgrupper i nærmiljø og lokalsamfunn, ein ønskjer særskild inn i prosjektet?*

Vi ønskjer å nytta Barnetråkk for å registrera skuleelevar sin skuleveg, stader dei liker, aktivitetar og skildringar av stader og kva som bør endrast. Tett arbeid med barneskular og mogleg bruk av app på mobil for kartlegging («Trafikkagenten»), synfaring med velforeiningar/grendelag og workshop ute i lokalsamfunna, er framgangsmåtar som kan bli aktuell å nytte. Ungdommens kommunestyre er aktive i Fjell, og vil kunna bidra med både kunnskap og gjennomføring av kunnskapsinnhenting i lokalsamfunna. Det er også ønskeleg å sjå på moglegheita til å teste ut kartløyning med punktmerking, for å få inn kvalitative data frå befolkninga. Kulturavdelinga er i gong med utvikling av eit spørjeskjema på nett, og her er folkehelsekoordinator allereie i dialog om moglegheiter for planavdelinga å nytte verktøyet. Når det gjeld medverking vil kommunen leggje til rette for at befolkingas perspektiv kjem inn tidleg, at berørte partar/fagavdelingar trekkast inn i samarbeid og at det skal vere openheit gjennom prosessen.



- *Beskrive kort kven kommunen tenkjer direkte og indirekte vil nytte godt av prosjektet.*

Fjell ønsker å involvere skule, velforeningar/grendelag og ressurspersonar i nærmiljøa i prosessen. Barn og unge vil nytte godt av prosjektet i størst grad, men også andre innbyggjarar i Fjell. Sidan ein veit at fundamentet for korleis menneske lever liva sine blir lagt i barneåra, vil også desse barna som vaksne nytte godt av prosjektet. Ved å danne gode vanar kring fysisk aktivitet gjennom aktiv transport vil også trafikkmengda kunne reduserast, og dermed også lokal luftforureining. Desse småturane til skule, jobb, fritidsaktivitetar og nærbutikk, som utgjer store delar av biltrafikken på vegane, vil forhåpentlegvis kunne erstattast av gange og sykling på snarvegar. Meir fysisk aktivitet i trivelege og reine omgivnader betyr mykje for betre fysisk og psykisk helse.

Metodeutvikling og samarbeid

- *Har kommunen eigen kompetanse som kan vere gode døme, metodar, røynsle frå medverknadsprosessar og anna som kan vere til nytte inn i prosjektet?*

Planavdelinga har god kompetanse på medverking gjennom dei mange planprosessane som har blitt gjennomført i samarbeid med kommunale einingar, lag, organisasjonar og privatpersonar. Kommunen har også samarbeid med skuleklassar.

- *Beskrive korleis kommunen kan bidra til å dele eigen kompetanse med andre kommunar under og etter prosjektet?*

Fjell kommune vil lage ein sluttrapport der kunnskap og erfaringar frå prosjektet vert samla. Det vil vera eit mål at denne rapporten har stor overføringsverdi til andre kommunar. Fjell kommune vil vidare presentera arbeidet på ulike arenaer som konferansar og samlingar for å dele sine erfaringar der det er ønskjeleg.

- *Kort beskrive førebelse forventingar til fylkeskommunen og til samarbeid frå Høgskule/universitet (samarbeidspart er ikkje klar) inn i kunnskapsbygginga knytt til det lokale folkehelsearbeidet.*

Kompetansebygging som rettleiing, støtte, metodar, forankring, , metodar for hente kunnskap, samlingar, formidling osv. Som deltakar i prosjektet vil kommunen forvente å kunne hente kunnskap frå fylkeskommunen, gjennom til dømes AUD. Konkret vil det vere snakk om å hente ut kompetanse som statistikk og analyse av statistikkar.

- *Anna ?*

For meir informasjon om appen som blir nemnd i metode-delen, sjå www.trafikkagenten.no
Fjell kommune synes det er positivt at Helsedirektoratet set søkelyset på nærmiljøa i kommunane, og at midlane lysast ut med tydelige målformuleringar.

Dato: *Straume, 07.07.15*

Signatur/underskrift: *Bli fjell*



